



MUSEUMSSENTERET
i Hordaland

Steinløe på Pletten 96/1

Fredag 22. november var Kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring til gnr 69 bnr 1 Pletten i Radøy kommune. Bakgrunnen for synfaringa var at eigaren ville ha ei vurdering av tilstand og kulturminneverdi til den gamle steinløa på garden. Løa skal vere sett opp rett før 1900. Heile vestveggen og austveggen er i tørrmur. I hovuddelen er det grindverk med sperretak og nord er det bygd på ein vinkel mot aust. Denne er lafta. Taket har vore tekt med eternit. Der det ikkje er tørrmur er veggene kledd med liggande kledning.

Då det er bygd ny driftsbygning på garden har denne løa ikkje vore i bruk dei siste åra. Difor har den heller ikkje blitt vedlikehalden. Hovuddelen er i relativt god stand med berre ei mindre lekkasje ved opplettet for køyrebrua. Taket over vinkelen mot aust har delvis ramla ned. Det noverande taket må fjernast, takkonstruksjonen må byggast opp på nytt og det må leggest ny bølgeblekk. Veggene mot nord må få ny kledning.

Løa på Pletten ligg godt synleg langs vegen og er ein flott representant for tørrmurekunsten i Nordhordland. Det var tidlegare fleire slike steinløer i Nordhordland, men i dag er det berre eit fåtal att. Tørrmuringsteknikken og steinbygningane er eit særtrekk for Nordhordland som er viktig å ta vare på. Sikringstiltaket eigaren no vil sette i gang med er avgjerande for å sikre dette kulturminnet for ettertida.

Arild Sætre
Sivilarkitekt
Museumssenteret i Hordaland

Salthusvegen 201
5107 Salthus

post@muho.no
www.muho.no

Telefon: 55 25 10 80

Org. nr.: 971 349 743
Konto nr.: 3625.19.69684



Arts museum 2007